

Lindås kommune
Plan og miljøutvalget
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering L12	
30 AUG 2013	
Ark. saksnr. 2013/670	Løpenr.
Saksh. LICHRE	Tilgangskode

30.08.2013

Vi syner til brev om offentlig ettersyn av reguleringsplan Fonnebost Småbåthamn av 08.07.13, og gir med dette vår merknad.

Vi er grunneigarar på gnr 106 bnr. 17 som grenser til planområdet. Vi har tidlegare sendt inn merknad til planarbeidet, utan at forslagsstillar tok dette til følge.

Både me og andre naboar meiner at planen vil føre til ei uforsvarleg trafikkmengde på ein så smal veg. Det kan i vårt høve føre til så store driftsulemper at vårt mjølkebruk i full drift må leggjast ned.

Fleire bustadshus nær garden vår vil gjere det vanskeleg å drive aktivt jordbruk i det nærliggande området. Det må påreknast ein del støy og lukt (ved gjødsling). Den auka trafikken som følgjer av fleire bustadar, småbåthamn og campingplass vil gjere det vanskeleg å køyre med traktor og reiskap mellom teigane og å drive dyr i vegen. Vi disponerar teigar på begge sider av planområdet, og det er naudsynt med transport gjennom feltet. Dyra på garden (kyr) må også drivast langs vegen, noko som ikkje er mogeleg med så mykje trafikk.

Vi stiller oss undrande til at det bare er den private vegen som må utvidast som følgje av utbygginga. All kjøyring til reguleringsområdet må bruka den smale RV 400. Skuleborna på Fanebust har ikkje rett på skyss, og må enten ferdast langs farleg veg eller køyrast av foreldra. Dette vil generere enno meir trafikk.

Forslagsstillar svarer på merknad om dette med at forslagsstillar ikkje kan belastas for at ungane i området ikkje har rett på skuleskyss eller at det er mange mjuke trafikantar langs vegen. Det er sjølvstakt ikkje eit poeng å laste utbyggjar for dette, men det må takast omsyn til når kommunen godkjenner planar som aukar trafikken. Trafikksikkerheita vert lavare for born på skuleveg og mjuke trafikantar på veg til friområde ved sjøen og friluftsområde på andre sida av planområdet. Det er vår meining at kommunen ikkje tar dette problemet på alvor, sjølv om mange av naboane har påpekt dette i sine merknadar.

Som svar på merknad frå Marius Rødland om at han ser på den auka trafikken som eit problem for gardsdrifta på bruket vårt (som han har odel på), skriver forslagsstillar at det neppe vil gå utover hans gardsdrift. Har forslagsstillar då teke med i reknestykket at drifta på garden fører til mykje kjøyring med traktor og utstyr, samt driving av kyr langs fylkesvegen? Det er allereie eit problem i dag, og auka trafikk vil heilt klart gå utover drifta.

Dersom me må leggje ned drifta grunna driftsulemper, vil resultatet mellom anna være at kulturlandskapet i området gror igjen. Det vil mellom anna gjere området mindre attraktivt som mål for camping og turisme.

Me er også skeptisk til at dyrka mark vert bygd ned, sjølv om det ikkje er så store område det er snakk om. I jordlova §9 står det at "Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida". Det vil ikkje vere enkelt å ta tilbake jordbruksland i planområdet når utbygginga er så spreidd.

Me meiner att denne saka har vore alt for lite belyst frå starten av. Utbyggjar har ikkje informert eller hatt eit einaste informasjonsmøte, verken før eller under prosessen

Mvh.

Magne Røddand
Solveig Karin Vabø